

Styremøte Vestland – 2025

Mandag 17.02. kl.12:00 – 15:30

Sakskart for nettmøte



Iver Solliid
Kategori: Musikk
Sted: Luster, Vestland



Lea Herland
Kategori: Dans
Sted: Askvoll, Vestland



Vivel Andrea Øen
Kategori: Visuell kunst
Sted: Sunnfjord, Vestland



Paul Norwin Schmidt
Kategori: Musikk
Sted: Låvik, Vestland



Synne Hellebo
Kategori: Musikk
Sted: Høyanger, Vestland
Nominert: 2025



Gjertin E. Kirkeelide
Kategori: Teater
Sted: Strvn, Vestland



Kaspar Bastesen Dale
Kategori: Åpen klasse
Sted: Alver, Vestland



Jonas Eskeland
Kategori: Musikk
Sted: Bergen, Vestland



Ida Brelvik
Kategori: Sirkus
Sted: Bergen, Vestland



Nell Zheo
Kategori: Åpen klasse
Sted: Bergen, Vestland



Eivind Dæmring Styve
Kategori: Musikk
Sted: Voss, Vestland



Tuva Baggen
Kategori: Visuell kunst
Sted: Bjørnafjorden, Vestland

[Utval draumestipendnominerte frå Vestland 2025](#)

Sakskart til styremøte 17.02.25:

2025.01 Godkjenning av innkalling og sakskart	3
2025.02 Referatsaker	4
Økonomirapport 4. kvartal	4
Rådgjevar sin rapport	5
2025.03 Styrearbeid	7
2025.04 Politisk arbeid	8
2025.05 Utviklingsområda	9
2025.06 Orienteringar	11
2025.07 Eventuelt	12

Frå styret møter:

styreleiar Hege Eide Vik
nestleiar Kjetil Høgseth Felde
styremedlem Øystein Røsseland Kvinge
styremedlem Karianne Kayser
styremedlem Rolf Seldal

Frå administrasjonen møter:

rådgjevar Kristin Geiring
rådgjevar Knut Øverland kl.14:30-15:00

2025.01 Godkjenning av innkalling og sakskart

Saksdokument: Sakskart på side 2
Innkalling sendt i e-post

Sakshandsamar: Kristin Geiring

Forslag til vedtak:
Innkalling og sakskart godkjent.

Saksutgreiing:
Innkallinga og sakskartet er utsend i samsvar med vedtektene og møteplanen.

2025.02 Referatsaker

- Saksdokument:**
1. Rekneskap 4. kvartal 2024 side 4.
 2. Rådgjevar sin rapport side 5-6.

Sakshandsamar: Rådgjevar og styreleiar

Forslag til vedtak:

Referatsakene er tatt til orientering.

Saksutgreiing:

Økonomirapport 4. kvartal

NOK	Perioden, Oktober - Desember			
	Regnskap	Budsjett	Avvik	Ending
Avdeling 11 Prosjekt (R8) 112				
Kulturskolerådet				
4. Kvartal 2024				
	Organisasjonsnr.: 875627422			
	Utskriftsdato: 02.02.2025			
Sølgssinntekter	216 995	69 250	147 745	213,4%
Andre inntekter		22 500	- 22 500	
Sum driftsinntekter	216 995	91 750	125 245	136,5%
Bruttofortjeneste	216 995	91 750	125 245	136,5%
Lønnskostnad	7 059	27 000	- 19 941	-73,9%
Arbeidsgiveravg. og pensjonsk.	995	3 750	- 2 755	-73,5%
Andre personalkostnader				
Sum personalkostnader	8 055	30 750	- 22 695	-73,8%
Kostnader lokaler	17 366	2 500	14 866	594,6%
Leie maskiner, inventar o.l.				
Kostnadsførte anskaffelser	1 699		1 699	
Fremmede tjenester				
Kontorkostnad	500	10 000	- 9 500	-95,0%
Telefon, porto o.l.	697		697	
Kostnad og godtgjørelse for reiser	128 498	12 500	115 998	928,0%
Kontingenter og gaver	3 030		3 030	
Annen kostnad	15 000	36 000	- 21 000	-58,3%
Tap og lignende				
Sum driftskostnader	166 789	61 000	105 789	173,4%
Driftsresultat	42 151		42 151	
Finansinntekter				
Finanskostnader				
Sum finans				
Resultat før skatt	42 151		42 151	
Årsresultat	42 151		42 151	
Overføringer og disponeringer				

Merknad:

Driftstilskot frå Kulturskoleråd kjem primo/medio juni for fyrste halvdel av 2024 og for andre halvdel kring primo/medio desember.

Omgrepet «salsinntekter» er fast i rekneskapssystemet Kulturskolerådet nyttar. Under salsinntekter ligg driftstilskot til fylkesavdelinga motteke frå Norsk kulturskoleråd, tilskot motteke frå kommunar og fylket i Vestland til arrangement i fylket for born og unge og eventuelle deltakarkontingentar frå konferansar, seminar og leiarsamlingar. Arrangement, konferansar, seminar og leiarsamlingar er budsjettert i balanse og vert gjerne og subsidiert av fylkesavdelinga. Fremmede tjenester er konsulenthonorar.

Nettverksarbeid

1. **Vestland fylkeskommune** ved avdelingsdirektør opplæring og kompetanse og avdelingsdirektør kultur og folkehelse er invitert for å ta del i programmet for Fordjupingskonferansen i regi av Kulturskolerådet 13. mars 2025.
2. **NMF Hordaland** og Kulturskolerådet Vestland har avtale om vidare møte.
3. **Leiarmøte** digitalt vart arrangert 9. og 11. desember med same innhald for å gje mange høve til å ta del. Styreleiar og rådgjevar leia møta. Hovudsaker i møtet:
 1. *Saker frå deltakarane: status og utfordring i kommunane*
 2. *Landstingsvedtak: Kva kan det tyde for medlemmene i «region Vestland»?*
 3. *Regionmøte med val og konferanse 2025*
4. **De unges festspilldag (DUFD) og De unges festspillforestilling (DUFF)** har framleis fokus i høve status for økonomi. Det er jamleg dialog mellom regionstyret, administrasjonen og prosjektleinga.
5. **Høgskulen på Vestlandet** har i samskaping med Kulturskolerådet Vestland utvikla to studiemodular på kvar 7,5 studiepoeng innan Profesjonsfagleg digital kompetanse i kulturskolen (PfdK i kulturskolen). Første modul er igangsett med 31 studentar, der ein med 30 var fulltaleg. Studentane kjem frå heile landet med bakgrunn frå musikk men og nokre andre kunstfag. Majoriteten av studentane kom frå andre fylker. Saman med koordinator for det digitale i Kulturskolerådet, føl rådgjevar opp utviklinga i studiet med Høgskulen på Vestlandet.
6. **Fagråd for musikk dans drama (MDD) Vestland** er i dialog med administrasjonen i høve mogleg fagdag 8. eller 9. mai 2025 innan samhandling mellom vidaregåande skular i Vestland med MDD / KDA og kulturskulane med fordjuping.

Styrearbeid

1. **Arbeidsutvalet (AU)** i Kulturskoleråd Vestland, repr. ved styreleiar, nestleiar og rådgjevar, hadde møte 01 – 2025 den 27. januar.
2. Det har mellom styremøte 04-2024 og fram mot styremøte 01-2025 vore kommunikasjon på mobil og e-post mellom AU og styret.
3. I møte med hovudstyret og regionstyreleiarane 4. mars stiller nestleiar. Innspel til sak 4. mars vedteken av regionstyret i Vestland i styremøte 25.11.2024 er send styresekretær den 3.2.2025: Stortingsvalet 2025 og oppfylging regionalt vert løfta som tema frå Vestland.
4. **Møte med stortingsbenkane for Hordaland og for Sogn & Fjordane** vart gjennomført 12. november på Stortinget. Musikalartist frå Stad og student ved Norges musikkhøgskole frå Etne opna med kunstnarisk. Frå Kulturskolerådet Vestland stilte arbeidsutvalet. Det vart etter møtet send ut skriv til samlege stortingsrepresentantar med takk for møtet. Skrivet vart og sendt regionstyret og medlemmene i Vestland.
Det viktigaste som vart løfta av delegasjonen:
 1. **Kulturskolerådet ber om 3 millionar for å hjelpe kommunane med å nå ambisjonen som staten har om ein kulturskule for alle:**
*Kulturskulen si opplæring og aktivitet i lokalsamfunna er del av førebygginga.
Kulturskulen sitt mandat gir eit grunnlag for sosial berekraft og beredskap.*
 2. **Kulturskolerådet føl opp eit einstemmig stortingsvedtak på Meld. St. 18 (2020-2021) der visjonen «Kulturskule for alle» var del av vedtaket:**
*Revidert rammeplan «Kulturskule for alle» er straks klar for kommunale vedtak og implementering i kommunane etter landstingsvedtaket i oktober 2024.
Rammeplanen har fokus på den kommunale, lovpålagde kulturskulen i framtidens kommune.*

Kulturskulen er del av opplæringslova og gir opplæring innan kunst- og kulturfag. Skoleslaget skal og fungere som eit ressurscenter i kommunen. Planen er utarbeidd av Kulturskolerådet i tett samhandling med medlemmene og inneber eit fokus på korleis kulturskulen kan stø opp om utfordringane i kommunane. Me treng samhandling på alle nivå , også mellom relevante departement, for at stortingsmeldinga og ny rammeplan skal få verknad for storsamfunnet.

3. Saker løfta av medlemmene ved kommunane i Vestland til landstinget i Kulturskolerådet oktober 2024 og som vart vedtekne:

- «Kulturskolerådet skal arbeide for ei forskriftsfesting av planverk knytt til kulturskulefeltet». Vedtaket vart del av politisk plattform. Forskriftsfesting lyt vere tilpassa skuleslaget og gir naudsynt fleksibilitet.
 - «Kulturskolerådet skal arbeide for tettare samarbeid mellom SFO/grunnskule og mellom kulturskulen og vidaregåande skule.» Vedtaket vart del av politisk plattform.
 - «Utvikling av fordjupingsprogrammet i kulturskulen vert prioritert i landstingsperioden 2024-2028. Arbeidet tek utgangspunkt i ei vidareføring av strategien «Fordjuping med mangfald». Utvikling av nettressurs, samhandling med UH, og møteplassar for informasjon og erfaringsdeling skal være del av arbeidet.
4. **Styreleiar** igangsette januar 2025 kommunikasjon med ordførarane i Vestland. Målet er å informere om nye vedtekter, som får tyding for kommunane sin representasjon på regionmøte med val. Ny rammeplan og ny politisk plattform er del av informasjonen som vert gitt.
5. Rapport frå hovudstyremøte 4-2024 og 1-2025 sjå sakskart og protokoll.

Utviklingsområde

Digitalitet

1. **Høgskulen på Vestlandet (HVL)** lyser våren 2025 ut modul to med søknadsfrist 15. april 2025. Emnet gir fordjuping i digital kompetanse knytt til undervisningspraksis: «Profesjonsfagleg digital kompetanse i eigen kulturskulepraksis». Studiemodulane er på kvar 7,5 studiepoeng, digitale, gratis og er lyst ut for nasjonalt for kulturskulelærarane.
2. **Dei to emna «Laptop som prosjektstudio» og «Laptop som instrument»**, er konkrete resultat av strategisk og målretta arbeid innafor utviklingsområdet Digitalitet, kor også målet om tettare samarbeid med UH-sektor er innfridd.
«Laptop som instrument» på 7,5 studiepoeng vert utlyst av Høgskulen på Vestlandet (HVL) med søknadsfrist 15. april 2025. Emnet er utvikla spesielt for kulturskulelærarar samt musistarar som vil integrere teknologi i sin framføringspraksis, men også for lærarar i andre skuleslag. Emnet er resultat av at HVL er representert i regionstyret. Styremedlemmen tilsett på HVL fekk gjennom styrearbeidet kontakt med rektor i ein av kulturskulane med særleg interesse for emnet. Saman med ein musistar/ungdomsskulelærar fekk dei løyve frå arbeidsgjevarane til å utvikla studiet. Emnet «Laptop som prosjektstudio» er for våren 2025 for fyrste gong iverksett av HVL med 19 påmelde studentar.

Fordjuping

1. **Erfaringsdelingssamling for deltakarar innan Inkluderande kulturskular** hadde nettsamling 3. desember med tema forankring. Rådgevar heldt på førespurnad innlegget «*Fra samarbeid til samskaping. Fylkeskommunen og Kulturskolerådet. Eksempel fra Vestland*».
2. **Fagråd for musikk, dans, drama (MDD) og Fagråd for kunst, arkitektur og design (KDA) i vidaregåande skular, Vestland** er aktuelle for vidare samarbeid innan fordjuping.
3. **Nominerte draumestipendvinnarar** frå Vestland for 2025 var totalt 81. Dei unge kunstutøvarane var fordelt på 23 kommunar frå alle delar av Vestland. Fordeling innan kunstfaga var slik: 41 musikk, 9 teater, 10 dans, 4 skapande skiving, 13 visuell kunst, 2 sirkus, 2 open klasse.

Mangfold

1. **På dei digitale leiarmøta** vart utviklingsområdet omtala. Fleire har eit ønske om å ta del i mangfoldssertifiseringa som SEEMA og Kulturskolerådet samarbeider om nasjonalt. Grunna økonomi er det ikkje mogleg for leiarar i kulturskular å ta del frå Vestland. Det var stilt spørsmål ved om det er mogleg å få studie innan emnet mangfold lagt til Vestland.

Framtidas kulturskule

1. **Rammeplanen «Kulturskole for alle»** er no revidert språkleg og lagt på nettsida til Kulturskolerådet. Det vert arbeid med førebuing av tilrettelegging lokalt for kommunane i høve politisk prosess.

2025.03 Styrearbeid

Saksdokument: Lenker i saksutgreiing. Andre saksdokument vert utsend i e-post.

Sakshandsamar: Kristin Geiring

Forslag til vedtak:

1. Innspel frå regionstyret vert takk med i vidare styrearbeid.

Saksutgreiing:

1. Utdanningsdirektoratet har fått i oppdrag å etablere og vidareutvikle eit heilskapleg system for kompetanse- og karriereutvikling for alle tilsette i barnehage, grunnskule, SFO, vidaregåande opplæring, inkludert fagopplæringa i bedrift, opplæring særskilt organisert for vaksne, PP-tenesta og kulturskule. Som del av oppdraget skal Utdanningsdirektoratet utarbeide utkast til retningslinjer (forskrifter) for tre tilskotsordningar:
 - a. Tilskotsordning for lokal kompetanseutvikling i barnehage og skole
 - b. Tilskotsordning for lokal kompetanseutvikling i vidaregåande opplæring
 - c. Tilskotsordning for vidareutdanning

Det vert høyring mars 2025. Dialog og drøfting i regionstyret.

2. Rammeplanen som ramme for politisk styring av kulturskolen
Styresekretær for hovudstyret kjem til styremøtet kl.14:30-15:00.

Førebuing til dialogen:

1. Kva treng kulturskuleleiarane / medlemskommunane av støtte på vegen fram til vedtak og politisk forankring av rammeplanen?
2. På kva sett kan regionavdelinga bidra i arbeidet med politisk forankring av rammeplanen?

2025.04 Politisk arbeid

Saksdokument: Munnleg framlegging. Saker og protokoll frå Landstinget 2024.
Sakskart hovudstyremøte 4-2024

Sakshandsamar: Kristin Geiring

Forslag til vedtak:

1. Det er ingen forslag til vedtak.
2. Rådgjevar tek innspel frå styret med i vidare arbeid.
3. Saker til regionmøte med val vert følgt opp i neste styremøte.
4. Rådgjevar tek innspel frå regionstyret med i vidare arbeid med medlemsmøte 31. oktober 2025.
5. Rådgjevar tek innspel frå regionstyret med i vidare samhandling med NMF Hordaland.
6. Rådgjevar tek innspel frå regionstyret med i vidare arbeid.

Saksutgreiing:

Politisk arbeid vert sett i samanheng med Strategi 2032, Meld.St.18(2020-2021), vedtak frå årsmøte, landsting, hovudstyre og utviklingsområda i Vestland.

1. Korleis føl me opp vedtaka frå Vestland fylkeskommune? Drøfting i styret.
PS 265/24 Fylkeskommunen si rolle overfor kulturskulane

Forslag til innstilling

- 1.Vestland fylkeskommune vil gå i dialog med Norsk kulturskuleråd Vestland og kommunane om vidare utvikling av fordjupingstilbod organisert i regionar.
 - 2.Vestland fylkeskommune vil etablere faste møtepunkt mellom fylkeskommunen og Norsk kulturskuleråd Vestland.
 - 3.Vestland fylkeskommune vil i samarbeid med Norsk kulturskuleråd Vestland sjå på korleis samhandling mellom kulturskulane og andre kulturaktørar kan vere med å utvikle kulturlivet i fylket.
 - 4.Vestland fylkeskommune skal etablere samarbeid mellom fagområda opplæring og kultur for å styrke fylkeskommunen sitt arbeid med kulturskulefeltet.
2. **Møter og arenaer våren 2025 med sentrale aktørar.**
Kor vert regionstyret og rådgjevar representert våren 2025?
Kva møter føl me opp med sentrale aktørar og kva for agenda har me?
Saka vert lagt fram for drøfting i regionstyret.
 3. **Regionmøte med val to.30 oktober 2025:**
Kva saker har styret trong til å ta opp på regionmøte med val?
 4. **Medlemsmøte fr.31.10 2025:**
Kva tema lyt me ha på medlemsmøte? Kven engasjerer me? Kva form gir me medlemsmøtet?
Saka vert lagt fram for drøfting i regionstyret.
 5. **Vidare samhandling med Norges Musikkorps Forbund (NMF) Hordaland:**
Korleis tek me samhandlinga vidare? Kva tiltak ser me for oss?
Rådgjevar har i etterkant av regionstyremøtet vidare møte med dagleg leiar i NMF Hordaland.
Laurdag 26. april har NMF Hordaland Regionting. Saka vert lagt fram for drøfting i regionstyret.
 6. **Medlemstilbod 2025:**
Kva treng medlemmene og kva har me kapasitet til å iverksette i 2025 for medlemmene?
Saka vert lagt fram for drøfting i regionstyret.

2025.05 Utviklingsområda

Saksdokument: [Handlingsplan perioden 2024-2025 ligg på nettsida.](#)

Sakshandsamar: Kristin Geiring

Forslag til vedtak:

1. Handlingsplan perioden 2024-2025 lagt fram i styremøtet er tatt til orientering.
2. Det er ingen forslag til vedtak.
3. Det er ingen forslag til vedtak.
4. Det er ingen forslag til vedtak.

Saksutgreiing:

1. Handlingsplan perioden 2024-2025 vert lagt fram på styremøtet for gjennomgang.
2. Digitalitet:
Randaberg skule i Rogaland har utvikla ei eige KI-plattform til lærarar og elevar. Innspel frå kulturskulerektor i Vestland er meld etter deltaking på fagdag med grunnskulen, der plattformen vart presentert. Spørsmålet frå han er, om me kan sjå på å utvikle noko liknande for kulturskulen?
Rådgjevar har bedt om at spørsmålet vart sendt koordinator for digitalt område i Kulturskolerådet. Det er per 3.2 utført av kulturskulerektor med kopi til rådgjevar.
3. Fordjuping og regionale kulturskular i Vestland:
Rådgjevar sendte etter vedtak i fylkeskommunen ut e-post til kulturskuleleiinga med mål om å få innspel til korleis regioninndelinga innan fordjuping vert sett på av kulturskuleleiinga.
I svar kom det fram, at fleire var nøgde med regional struktur som skissert under, men at det er ønske om dialogmøte for å finne ut kva det i praksis tyder å verte regionkulturskule innan fordjuping. Det vart og vist til allereie eksisterande regionale nettverk og stilt spørsmål ved om Bergen bør vere ein eigen «region» jf. storleik.

Meld. St. 18 (2020-2021) etterspør regionkulturskular i fylka, som tek eit ekstra ansvar. Tidlegare nestleiar i styret og rektor i Sunnfjord teikna opp kartet under med forslag på regionkulturskular, som er nytta i fordjupingsprosjektet Inkluderande kulturskular. Her er desse kulturskulane peika ut som regionale sentra:
Gloppen – Sunnfjord – Sogn – Voss – Bergen – Stord.
Spørsmåla som vart sendt kulturskuleleiinga:
Er strukturen med desse kulturskulane som regionale sentra noko me frå regionaldelinga i Vestland kan ta med oss i vidare samarbeid med fylkeskommunen?
Eller er det nokre av dykk som ser at strukturen kan tene oss betre om me riggar på anna sett?

VESTLANDET INNDELING OG TILTAK I FYLKET



Med tilskot førre periode og 24-26:

- Fordjuping i Voss og Hardanger
- Fordjuping region Sunnfjord, Ytre Sogn, Nordfjord
- Orkesterfordjuping – Gloppen

Med tilskot førre periode:

- Pilot fordjupingsprogram i Sogn
- Musikk fordjuping, samarbeid Sunnhordland

Tilbod til heile fylket:

- Fordjuping tradisjonsmusikk (Bergen)

Arbeidsgruppe talent og fordjuping Vestland



4. Mangfald:

På digitale leiarmøte hausten 2024, kom det fram at kulturskuleleiinga treng tiltak innan mangfald, som er lagt så nær kommunane som mogleg jf. økonomisk situasjon.

Me kan mogleg sjå vidare samarbeid med Norges Musikkorps Forbund Hordaland i samanheng med utviklingsområdet mangfald.

Styret vert oppmoda til å drøfte korleis me tek utviklingsområdet vidare.

2025.06 Orienteringar

Saksdokument: Saksutgreiing med lenker i dokumentet.

Sakshandsamar: Kristin Geiring

Forslag til vedtak:

1. Status for ordførarrunde tatt til orientering.

Saksutgreiing:

1. Styreleiar starta januar 2025 ordførardialog i fylket i høve nye vedtekter, ny politisk plattform og ny rammeplan «Kulturskole for alle».

2025.07 Eventuelt

Saksdokument: Ingen saker.

Sakshandsamar: Kristin Geiring

Forslag til vedtak:

Det er ingen saker til eventuelt.